

Referat frå elevrådsmøte 28.10.2025

Desse møtte: Frida og Joris frå 2.årssteg, Mathias og Tuva frå 3. årssteg, Lotte frå 4.årssteg, Malin og Maylinn frå 5.årssteg, Matas og Anders frå 6.årssteg, Liam og Eiril frå 7.årssteg, rektor Linda.

Desse meldte forfall: Oscar frå 4.årssteg

Leiar og referent: Linda Selheim

Oppmøte og gjennomgang av referat

Alle representantane møtte til møtet i god tid og alle årsstega hadde gjennomgått referat frå sist møte. Eitt årssteg mangla eige bok til elevrådsmøta der referat og saker skal ligge.

Tema: Venner på skulen

Alle årsstega har sett filmen «Skolevenner». Ikkje alle årsstega fekk like god tid til drøfting av refleksjonsspørsmåla og nokre årssteg har sett filmen to gonger.

Elevrådet rådar alle til å vere skulevenner! Det er ikkje greitt å ikkje blitt tatt med i leiken og vi ynskjer ikkje at elevar på Spildepollen skal gå åleine.

Innkomne saker:

Det er ynskje om større rutsjebane og fleire leikestativ på skuleplassen, samt ballpumpe og markering på basketballbana. Rektor undersøker om det er mogleg å få til markering. Skulen har ballpumpe. Rutsjebane og leikestativ er uaktuelt grunna økonomien.

Det blei fremja ynskje om kanonballturnering. Skulen har nettopp gjennomført fotballturnering og ser på moglegheiter for handballturnering til våren. Vi greier ikkje å gjennomføre fleire turneringar i år.

Førebuing til neste møte (25.november):

Rektor utfordra elevrådet til å fremje saker som omhandlar skulemiljøet og læringsmiljøet for alle. Elevane tok opp meir leik i klasseromma og pynting til jul. Poppeloppene, bandet til Anders, vil spele på skulen. Dette er gode forslag som må drøftast vidare.

Elevrådsrepresentantane skal drøfte desse sakene på årssteg før neste møte:

- Forslag til faste oppdrag for elevrådet (som skal inn i årshjulet til elevrådet)
- Forslag til miljøfremjande tiltak i friminutta
- Forslag til miljøfremjande tiltak fram mot jul
- På neste møte skal rektor leggje fram resultata etter nasjonale prøvar

